



Sandanger Advokatfirma DA
Lars Hilles gate 19
5008 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2583 - 14/6330

Saksbehandlar:

Tor Hegle

Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:

18.03.2014

Svar på brev frå Adv.f. Sandanger av 16.jan 2014.

Eg viser til Dykkar førespurnad, datert 16.jan. 2014., og ber om orsak for sein tilbakemelding. Eg takkar for tilsendte opplysningar knytt til fullmakter i utsléppssaka for Gbnr 146/21.

I Dykkar førespurnad er det mellom anna bedt om svar på følgjande:

1. Ligg det føre mellombels bruksløyve/ferdigattest på naboeigedomen (Gbnr 146/21)?
2. Er vegen til naboeigedomen (Gbnr 146/21) godkjent som heilårsveg?
3. Kan storleiken på byggegebyret i byggesak for Gbnr 137/37, vurderast (på nytt)?

1. Om mellombels bruksløyve/ferdigattest på Gbnr 146/21.

Vedlagt følgjer Mellombels bruksløyve på Gbnr 146/21, datert 14.06.2007.

2. Om status på tilkomstvegen til Gbnr 146/21.

Vedlagt følgjer byggeløyve for tilkomstveg til Gbnr.146/21, datert 30.06.2003 og Løyve til bruksendring for Gbnr.146/21, datert 19.12.2003. I løyvet til bruksendring går fram at bruksendringa òg omfattar tilkomsten. Bruksretten til vegen er eit privatrettsleg spørsmål.

3. Om vurdering av gebyr for saksbehandling på Gbnr 146/37.

Førespurnad om reduksjon av saksgebyr i byggesaken vil bli behandla som eigen sak.

Med helsing

Tor Hegle

einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- Byggeløyve for tilkomstveg til Gbnr.146/21, datert 30.06.2003.
- Løyve til bruksendring for Gbnr.146/21, datert 19.12.2003

